

Lovande start på fiskesesongen

Luseplaga har førebels vore lita. Dette biletet tok Per O. Bruvold i fjor

Under ideelle høve med omsyn til nedbør og vatn i elva starta fiskesesongen natt til onsdag og som venta vart det ein lovande start.

Oppsynsmann Arne Terje Haugland opplysar at det allereie fyrste dagen vart teke rundt 10 fiskar der den største vog omlag 4 kilo. 6-7 fiskarar var i aksjon frå start.



Asbjørn Monsvik fekk 13,3 kilo fisk på 2 timar. (Foto: Ola Matti Mathisen)

—
Og korleis har det gått seinare?

- Det held fram like positivt. Seinast i dag fredag har eg fått meldingom fangst av ein laks på millom 5 og 6 kilo. Den vart teke av Asbjørn Monsvik frå Bømlø i området ved Haugland. I går kveld stod det mykje stor fisk i Djupehølen. For min egen del har eg fått 3 fiskar førebels.
- Kva med luseplaga i dnne sesongen?
- Gledeleg nok har det vore lite lus på fisken så langt. I samband meddet har eg ei oppmoding til fiskarane om å bli like flinke til å dokumentera luseplaga som Per O. Bruvold frå Bergen er det - ved hjelp av foto.

Han har teke mange bilete som har vore attgjeve i uskedalen.no og vi ynskjer fleire slik at vi får veta meir om korleis det står til, seier Haugland.

Og etterat dette var skrive fekk bømelingen Monsvik meir fisk. Han hadde fått ein laks på 5,5 kilo i Bjørkehølen som nevnt av Haugland og supplerte med ein laks på 5,8 kilo og ein sjøaure på 2 kilo dei to teke i Gravehølen. Det vart ein fangst på 13,3 kilo på to timar og gledeleg nok var dei heilt lusfrie!

Men så er då heller ikkje Asbjørn nokon nybegynnar. Han har, med slektsstaden Kaffihålo på Haugland som base - fiska i elva sidan tidleg på 1990-talet. Feriehuset ligg eit lite steinkast frå Bjørkehølen. Denne gongen starta han så snart fisket var opna, men det var for mykje vatn og det vart ingen fangst før i dag.

Fiskeutfluktene til Uskedalen, der bestemora kom frå, er ein fin avveksling for bømelingen som til dagleg er matros på ein supplybåt og har heile Nordsjøen og meir enn det som sin arbeidsplass

Av Ola Matti Mathisen

PS: Seinare i kveld fekk Monsvik 2 sjøaurer til slik at oppfiska kvantum denne dagen vart 16,5 kilo!